

Aktivitetsplan 2016/2017

Dato	Arrangement	Komite
Tys. 17. mai	Nasjonaldagspeling	Styret
Laur. 21. mai	Dugnad i Torskangerpoll	Sosialkomite, matkomite og Gravdalgruppa
Sønd. 29. mai	Stormfestivalbriefing	Alle i korpset pluss hjelperar
Fred. 3. - 5. juni	Stormfestival	Alle i korpset pluss hjelperar
Tys. 16. aug	Sesongstart	Styret
Fre. 19. aug.	Trebåtfestival Ulsteinvik	Komite
Fre. 2. - 4. sep.	Øvingshelg m/Fagerjord	Styret og noteutvalet.
Lau. 8. - 15. okt.	Callellafestival	Anne Mari, Johanne, Asbjørn, Stine.
Fre. 21. okt.	Heim i Haust	Reidunn, Tove, John Inge, Erling.
Søn. 23. okt.	Basar	Ingunn, John, Marte, Espen, Ola V, Alice.
Søn. 18. Des.	Julekonsert	Styret
Fre. 6. - søn. 8. jan.	Øvingshelg eigen dir.	Styret, Noteutval og nyttårskonsertkomite.
Lau. 14. jan 2017	Nyttårskonsert	Sølvi, Asbjørn, Jonathan, Mathias, Kari, Inge.

Intervju med Reidunn Øksdal:

- Har du det bra?: Klart det
- Gler du deg til jul?: Ja for da har sola snudd igjen
- Harde eller mjuke pakkar?: Tur-pakkar
- Plast, fure eller gran?: Plast som er klona med både furu og gran- ser utrolig rart ut
- Kokt egg eller speilegg?: Kokt smily
- Feriemål?: Ålesund-Oslo-Kjøpenhavn- Zürich -Dubrovnik -Roma
- Santorini-Kusadasia-Aten- Chania-Roma-Alcudia-Oslo-Ålesund i ca den rekkefølge. Og so sjølvsagt korpsturen.
- Tidleg i seng eller tidleg opp?: Ikkje eller men og
- Sukker eller sirup til klubb?:Sirup og rømme må det være.
- Takk for maten-tale eller betale rekninga?: Kjem ann på settinga
- Køyre sjølv eller sitte på?: Kjem ann på sjåføren.



- Fjordenes Tidende eller Altaposten?: Den er grei: fjt
- Fotballkamp eller kino?: Eg er anti fotball. Kino er fint
- Triump eller Clinton?: Hillery
- Konge eller president?: Heilt konge
- Jordbærsylte eller bringebærsylte?: Samma det
- Trøsykkel eller motorsykkel?: Hm... motor.... Eller kanskje trø
- Kamin eller varmevifte?: Er nok ikkje glad i å fyre, men likar godt ferdigfyrt peis.

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 05

23. årgang

Mai 2016



Slik blir nasjonaldagen for korpsa i vest:

Slik blir opplegget for Torskangerpoll Musikklag og Holvik skulekorps på nasjonaldagen.

- Kl. 07.30: Torskangerpoll spelar fleire stadar mellom Oppedal og Vågsvåg.
- Kl. 08.30: Flaggheising med Holvik skulekorps på Holvik skule (med frukost rett etterpå)
- Kl.10.00: Barnetog i Måløy med start under Spiralen. Holvik og Torskangerpoll skal spele i dette toget
- Kl. 12.30: Folketog i Holvik med Holvik og Torskangerpoll spelar i lag. Minikonsert med Holvik ute rett etter toget.
- Kl. 15.00: Folketog i Vågsvåg med start frå Vågsberget. Holvik og Torskangerpoll spelar i lag. Minikonsert med Torskangerpoll på folkefesten.

www.torskangerpoll.no

Tilbakeblikk 20 år, året 1996:



Framme fv: Arne Torskangerpoll, Anne Mari Knotten, Johan Einar Wåge, Kåre Wåge, Sigrud Torskangerpoll, Johanne Velle, Ivar Torskangerpoll, John Svarstad. Midten fv: Erling Wåge, Dianne Færestrand, Gun Tove Gursli, Lisbeth Wåge, Sølvi Loen, Jan Magne Færestrand, Alice Haus Wåge, Anita Kvernevik, Britt Hilde Wåge, Audun Færestrand, Bak fv: Arne Øvrelid, Helge Oppedal, Einar Rune Sætren, Tor Åge Gravdal, Endre Oldeide, Øystein Tennebø, John Inge Wåge, Lars Bjørnar Strengenes, Roar Ståle Vedvik Terje Wåge.

Søndag 4. febr.: Speling på basar i nytt grendahus på Bryggja med litt redusert korps. Søndag 18. febr. Speling på redningsbasar i Vågsvåg med gresne rekker. Fekk vimpel i gåve frå redningsselskapet for basarspeling gjennom «alle» år. Fredag 8. mars speling på basar på frelsesarmeen. Her spelte vi og til allsangane. Fredag 29.-31. mars øvingshelg i skulen i Vågsvåg med den 2.05 m høge tubaisten Eirik Gjerdevik. Det var kjempeinspirerende. Søndag 31. april årsmøte i Gravdal. Laurdag 11. mai kakelotteri i sentrumsparken. 4000 kr kom inn i nydeleg vr og vi spelte ei avdeling. Laurdag 11. mai deltok vi på Bryggja musikklag sitt 100 årsjubileum med oppmarsj, festkonsert og dans. 17. mai var det strålende vær. Vi gjekk morgenprosjon frå Oppedal til kaia kl 07.00, deretter frukost i skulen. Holvik skulekorps var dette året i Vågsvåg for fyrste gong og spelte på nasjonaldagen. Barnetog frå byggjefeltet kl 10.15

med to korps. Det blei eit svært tog. Fredag 14.-16. juni musikkstevne på Lillehammer. Vi starta med buss frå Myrestrand kl 12.15. Terje køyrde og vi var 27 aktive pluss 10 passive. Deltok her på konkurransen med pliktnummeret «La Vaccaia» og sjølvvalt «A Sirkussuite». Fekk 1. plass i brass og vi fekk flest poeng av alle korpsa som deltok i begge klasser. Arne Torskangerpoll var dirigent. Vi tok festen med storm om kvelden laurdag. Fellesnummer, marsjering og parkkonsert blei det laurdag ettermiddag. Søndag konsert på Sigrud Undsets plass før vi tok korpsbilde i hoppbakken og reiste heim. Laurdag 22. juni arrangerte Torskangerpoll musikklag og UL Klovningen jonsokfeiring i Torskangerpoll. Flakedans ved Vikabu med «Purple Rain» frå Stryn laurdag kveld. Godt med folk og god stemning og småregn mot slutten. Søndag var det karnevalstog frå skulen til Torskangerpoll med rømmegraut,

grilling, bål og konkurransar på Holmen. Småregn mot slutten av arrangementet. Fredag 6.-8. sept. «Stormfestival -96» med Blank messing, Dale musikkorps, Eid musikklag, Eidsvoll Værk musikkorps, Herøy brass, Herøy janitsjar, Kråkstad musikkorps, Raufoss musikkorps, Vigra Valderøy ungdomsmusikk, Ørsta hornmusikk, Ørskog storblåsarband. Fredag mottaking i Samfunshallen med klubb og alt tilbehør. Inger lagde all klubben som var nydelig. Korte underholdningsinnslag frå alle korpsa med Asbjørn som programleiar. Dans med «Steinars» til kl 01.00. Opprydding og klargjering av hallen etterpå. Laurdag frukost med leiartreff. Kl 11.30 kostymeopptog frå Terminalen og Fiskarkaia til Torget. Fellesnummera «Ut mot havet» og «Festivalen» blei dirigerte av Johnny Sælemyr og Arne Torskangerpoll. Johan leia seansen. Helsing frå TPM ved Roar Ståle og kommuna ved Jorunn Lilleslett, som opna festivalen. Deretter småkonserter etter fritt fram prinsippet i Måløy. Rorbust kl 14.00 med stormsuppe, fisketurar, pub, tørrsild, konkurransen m.m. Spelegrupper frå Vigra og Florøy underheldt. Erling leia programmet. Stormgalla med havets festbord i Samfunshallen kl 19.30. Klokket 20.00 kanon-overraskingskonsert med Manger musikklag. Ingen visste at dei skulle komme. Hausta fleire ståande trampeklappar gjennom eit forrykande program. Havets festbord var fantastisk men med lang kø og sein servering. Premieutdeling og dans med «Staves» til kl 02.00. Dale vann både kostymeopptog og stafett. Jens Brekke og Ottar Vik var innleigde programleiarar. Søndag kl 09.00 frukost, 10.30 grendekonsertar og 12.00 fellesnummera

på Torget med utmarsj, korpsgaver og heimreise. Kl 15.00 spelte Manger publikumskonsert med 300 som publikum. Erling leia. Kl 20.00 skalkefest og debriefing på skulen. Hovedkomite: Erling, Helge, Terje, Gun tove, John, Roar Ståle, Bjarte. Laurdag 16. nov. Konsert i sentrumsparken til inntekt for Nordfjord sjukehus. Søndag 17. nov. basar i skulen 16.00 til 21.30. Mykje folk og Måløy songlag gjestesang. Liv og Kåre vann klubben sin duk. Søndag 1. des. julegranopning på skulen ilag med UL Klovningen. Laurdag 7. des. konsert på Frelsesarmeen ilag med Frelsesarmeens mansband, eit flott kor. Vi spelte to avdelingar med roleg julemusikk. Søndag 22. des. stod TPM som arrangør av julekonserten i kyrkja kl 18.00. Terje leia. Fredag 27. des. årsfest i Turnhallen med 100 påmelde og dans av «Steinars». Søndag 29. des. julefest ilag med frelsesarmeen i skulen. Mykje folk og festen varte i 3 ½ time. Lars Bråten heldt ei underleg andakt. Masse gang om treet Med Terje og Alf Låstad i storform. Gun Tove har vore flink og skrive arrangementsreferat dette året. JW

Dagens ord:

*Dagen i dag
er morgondagen
du drøymde om i går.*

Dersom du vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så må du betale 150 kroner til kontonummer **3705 24 26104.**

Skriv namnet ditt på giroen.

Har du ikkje fått giro, eller vil betale så kontakt Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com.